

# REFERAT FRÅ FAU-MØTET 31.MAI 2017

Desse møtte: Anita Vikingstad, Anita Austarå, Oddny Endresen, Kristine Bøe Berge og Lars Øystein Bakka

## Kommunalt FAU (KFAU)

Referat frå dette ligg på [minskule.no/nesflaten](http://minskule.no/nesflaten)

Når det gjeld skuletur som er bestemt i kommunen, at skal gå til Oslo kvart år for 10.klassingane, stiller FAU på Nesflaten spørsmål om det er lov å bestemme kor elevane skal reisa, og krevje at elevar/foreldre skal samle inn pengar ved å gjera dugnad. Korleis kan kommunen seie at «gratisprinsippet» i skulen blir ivareteke?

## Foreldremøte

Blei einige om at me har eit foreldremøte til hausten, der me vel nytt FAU. Dei som er på val til hausten er: Anita A, Lars Øystein, og Maili.

Då skal me og ha tre nye vararepresentantar. Vara blir valde for eit år om gongen, og FAU-medlemmane for to år.

Det blir då eit foreldremøte 30.august kl.19.30, dette blir eit felles møte for barnehage og skule først, og deler opp etterpå, og har kvar sine

Me har nytt FAU møte 6.september, då konstituerer det nye styret seg

Og neste møte i KFAU er 18.september, då må FAU medlemma vera klare

## Info frå einingsleiar

Nybygg/riving av gammal del:

- Nybygget er ferdig innvendig
- Den gamle delen er snart riven

- Uteområdet skal rustast opp

#### Trafikktryggleiksplan:

- Dette er noko alle skular i Suldal skal ha, og Kristine utarbeidar eit forslag til dette i haust, denne blir felles for skule og barnehage
- Vil ha innspel til denne på foreldremøte til hausten

#### Anti-mobbe-plan:

- Det er bestemt frå regjeringa at skulane skal iverksette dette, fordi mobbinga ikkje har gått ned på skulane
- Det er nulltoleranse for mobbing
- Planen har verknad frå hausten av, og den gjeld for alt/alle som er på skulen
- FAU vurderar i samråd med rektor å få inn «barnevakten» for elevar og foreldre, dei snakkar om nettmobbing
- Nesflaten Skule har hatt ein trivselsundersøkelse, og me lurar på korleis resultatet av denne var. Rektor sjekkar opp dette

#### Ungdomstrinnet:

- I Suldal kommune sine planar skal ungdomstrinnet vurderast att til hausten, om den skal bli verande på Nesflaten skule, eller om den skal flyttast til Sand.
- Dette skal greiast ut, og jobbast med frå hausten av.

#### Vedtektsendringar i FAU-forslag:

- Velje nytt FAU på hausten, før 1.september
- Leiar i FAU tar ansvar for å sende ut sakliste og sette opp saker

## Søknad frå trivselsleiarar (tl)

- TI søker om å kjøpe inn ein KIN-ball, og lurar på om FAU vil bidra med pengar, ballen kostar 1900 kroner, og me som var på møtet var villige til at FAU betalte dette.

Ymse:

- ISD-skole-admin, det er ein måte å kommunisere på digitalt, som skal brukast på skulen, slik at ein kommuniserer heim-skule og skule-heim.

Referent  
Oddny